

TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO


NR. 1

2012

ÅRGANG 27



Konsert med
Sigrid Moldestad
på Josefine Visescene
15. februar



SOGN OG FJORDANELAGET

ÅRSMØTE
27. FEBRUAR 2012

Godt nytt lagsår!

Denne dagen i fjor vinter hadde me meisterkonsert med Arne Sølvsberg og Jon Faulstad i Storsalen, med flott fele- og trekkspel og god oppslutnad. I år har me ikkje eigen konsert på plakaten, men me kan tipsa medlemmene om eit par konsertar med framifrå utøvarar frå eige fylke, i andre sin regi, sjå på neste side, og me kan tilrå alle folkedanskveldane frametter.

Seinare tenkjer me på å få til ein felles tur på teater til våren ein gong, og til hausten vert det både jubileum og nyinnvigingshelg på Pustut, Sunnfjordhytta som då skal vera restaurert og ombygd til ei meir tenleg og triveleg lagshytte. Me har også håp om å ta opp att tradisjonen med smalahovehelg der i oktober, og så blir det klubbefest i Storsalen fyrste laurdagen i nov.

Dessutan vert det to lagshelgar på Nordfjordhytta, både vår og haust, med mykje god mat og triveleg prat. Og ikkje minst alt Sogn og Fjordaneringen skipar til; dei vanlege øvingane og forkurs på tysdagane og alle dei folkedansane ringen er ansvarleg for på sundagskveldane i vinter og vår. Så det er verdt å vera med i laget og ringen og på det me steller i stand.

Hugs årsmøtet 27. februar

No vil me minna om årsmøtet i laget måndag 27. februar kl. 19, med vanlege årsmøtesaker og val av tillitsfolk. Møt opp der og sei di meining. Årsmøtepapira ligg ved i denne sendinga.

Vel møtt!

Alv Reidar Dale

Lagsleiar

Frist for stoff til neste avis

vert tysdag den 20. mars, og vi sender den ut ei veke etterpå. Stoffet sendast til agnar.kvellestad@nvh.no

Sigrid Moldestad på Josefine onsdag den 15. februar



Foto: Magnus Skrede

For alle oss som vil ha meir av Sigrid Moldestad og hennar makelause musikarar, Anders Hall på feler og Sigbjørn Apeland på piano og trøorgel, er det eit utmerka høve til å høyra og sjå trioen i samspel og song på Josefine Visescene onsdag 15. februar. Ein konsert i to økter, dvs. ein god del meir enn på Klubbefesten. Det er berre å setja av kvelden og finna vegen til Josefine Vertshus, Josefines gate 16, noko vest for Bislett, nær Hegdehaugsveien. Dørene opnar kl. 19.00, det er høve til å kjøpa mat og drikke. Konsertstart: 20.30
Billettpris: 200

Unni Løvlid på Josefine onsdag den 29. februar

Unni har gjort stor lukke på Klubbefesten vår ved fleire høve, m.a. i gruppa "Fjøgl". No opptre ho saman med sin framifrå medspelar Frode Haltli med nyskriven musikk til gammal kinesisk poesi, omsett av Harald Bøckman, på Josefine Visescene onsdag 29. februar, Josefinegata 16. Nytt høvet til å høyre ein samfylking og verdsborgar i musikken. Dørene opnar kl. 19.00, det er høve til å kjøpa mat og drikke. Konsertstart kl. 20.30.
Billettpris: 200

Folkedanskveldar

Nesten kvar søndag er det folkedanskveld frå 19.30 - 22.45 i Nordahl Bruns gate 22 i Oslo. I Storsalen er det god danseusikk der spelmannslag og -grupper spelar gammaldans/pols og turdans. Songdans får du som regel høve til å danse i musikerpausen. I Halli er det dei fleste søndagane minikurs i ulike dansar.

Inngang søndagsdans: Medlemmer kr 80,- / ikkje-medlemmer kr 120,-
Inngang minikurs: Medlemmer og ikkje-medlemmer kr. 100,- (*inkluderer påfølgjande søndagsdans*)
Sal av kaffi/te og vaflar. Alkoholfritt miljø!

Velkommen til søndagsdans i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo!

... "usikker på golvet" ? - då kan du vurdere deltaking på eit DANSEKURS ?

Program for vinteren og våren 2012

Dato	Storsalen 19.30 - 22.45	Halli (minikurs) 18.00 - 19.30	Kveldsarrangøransvar
12 feb	<u>Spelemannslaget De Frilynde</u>	Menuett från Oravais	Folkedanslaget Symra
19 feb	Eiker spellemannslag	<u>Rørospols</u>	Rundsnuen danselag
26 feb	<u>Brødrene Odde (b)</u>	<u>Bodapolska</u>	S&Fj-ringen
04 mar	Solveien spelemannslag	??	Barnelaget i BLS
11 mar	<u>Steinsgårdskroken</u>	Stildans	Folkedanslaget Symra
18 mar	Sofienberg spelemannslag (a)(b)	Parhalling	S&Fj-ringen
25 mar	Farande Fant	<u>Rørospols</u>	Hordaringen
15 apr	Fanteladdane (a)(b)	<u>Vestlandsspringar</u>	Hordaringen
22 apr	<u>Enebakk spelemannslag (c)</u>	??	Hallinglaget
29 apr	<u>Tonje & Stein Magne (a)(b)</u>	<u>Bingsjøpolska</u>	S&Fj-ringen
06 mai	<u>Østerdølenes spellmannslag (a)</u>	<u>Vågåspringleik</u>	Rundsnuen danselag
13 mai	<u>Streng&Belg</u>	<u>Finnskogspols</u>	Hordaringen
17 mai	17. mai-dans / <u>De frilynde</u>		Folkedansnemnda i BLS
20 mai	<u>Bærum spellmannslag</u>	<u>Bodapolska</u>	S&Fj-ringen
03 jun <u>Bygdelagsstemnet 2012</u>		

(a) Finnskogpols i løpet av kvelden, (b) Springleik-kule i løpet av kvelden, (c) Hallingspringar i pausen

Vel møtt på dansegolv